



## MØTEPROTOKOLL

|               |                                 |
|---------------|---------------------------------|
| <b>Utval:</b> | Formannskapet                   |
| <b>Stad:</b>  | Herøy rådhus, Formannskapssalen |
| <b>Dato:</b>  | 21.11.2017                      |
| <b>Tid:</b>   | 13:30 – 19:05                   |

---

### Medlemer som møtte:

|                           |        |         |
|---------------------------|--------|---------|
| Ole Brubakk               | Medlem | KRF     |
| Ann-Kathrin (Tine) Storøy | Medlem | H       |
| Solveig Helen N. Båtsvik  | Medlem | FRP     |
| Svein Gjølseth            | Medlem | AP      |
| Reidun S Myrvågnes        | Medlem | AP      |
| Kjell Runde               | Medlem | FOLK/SP |

---

### Forfall:

|                   |       |     |
|-------------------|-------|-----|
| Arnulf Goksøy     | LEDER | H   |
| Camilla Storøy    | NESTL | KRF |
| Per Kristian Furø | MEDL  | AP  |

---

### Varamedlemer som møtte:

|                    |                   |    |
|--------------------|-------------------|----|
| Idar Kjell Tarberg | Camilla Storøy    | H  |
| Bjørn Otterlei     | Arnulf Goksøy     | H  |
| Olaug Andreassen   | Per Kristian Furø | AP |

---

### Andre:

Rådmann Olaus Jon Kopperstad  
Politisk sekretær Brit Berge  
Leiar utviklingsavdeling Ole Magne Rotevatn  
Prosjektingeniør Eldar Hansen  
Økonomileiar Geir Egil Olsen  
Kommunalsjef samfunnsutvikling Jarl Martin Møller  
Kommunalsjef helse- og omsorg Renathe Rossi-Kaldhol  
Kommunalsjef oppvekst Sølvi Lillebø Remøy

I fungerande ordførar sitt fråvær var det fung. varaordførar Tine Storøy som leia møtet.

Til å skrive under protokollen saman med ordføraren vart desse valde:  
Olaug Andreassen og Solveig Båtsvik.

**Skriv delt ut i møte:**

F-sak 202/17 – Sunnmørsbadet AS – søknad om forskottering av tippemidler.

Møtebehandling budsjettsak i eldrerådet 13.11.2017

Møtebehandling budsjettsak i komite for oppvekst 15.11.2017.

Oversikt over forskotteringar prosjekt.

**Orienteringar:**

Rådmannen orienterte til slutt i møtet om sak ny brannstasjon. Møtet vart lukka under denne orienteringa. Saka vart drøfta.

---

underskrifter

Olaug Andreassen

Tine (Ann-Cathrin) Storøy

Solveig Båtsvik

## SAKLISTE:

| Saksnr    | Innhold  |
|-----------|--|
| PS 182/17 | Godkjenning av innkalling og sakliste  |
| PS 183/17 | Protokoll frå førre møte   |
| PS 184/17 | Delegerte saker  |
| PS 185/17 | Referatsaker   |
| PS 186/17 | Nordic resort - oppfølging av kjøpsavtale for eigdomar i Vikane med juridisk vurdering |
| PS 187/17 | Mindre reguleringsendring for N3 Leinevika - Slutthandsaming                           |
| PS 188/17 | Økonomisk avslutning av prosjekt 51948: Myrabekken flaumsikring                        |
| PS 189/17 | Detlajreguleringsplan for Gjertnesmarka - Klagehandsaming.                             |
| PS 190/17 | FV18 Nærøykrysset mellombels utbetring - avtale med Statens vegvesen                   |
| PS 191/17 | Søre Sunnmøre Matmanifest  |
| PS 192/17 | Revidert forskrift for Søre Sunnmøre Reinhaldsverk                                     |
| PS 193/17 | Eigarskapskontroll rekneskapsåret 2016   |
| PS 194/17 | Søknad om kommunal lånegaranti, stor kr 2.200.000,-, frå Sirlihaugen Barnehage SA      |
| PS 195/17 | Budsjettkontroll pr. 30.09.17  |
| PS 196/17 | Feie og tilsynsgebyr 2018.   |
| PS 197/17 | Avgiftssatsar for brøyting av private vegar 2018                                       |
| PS 198/17 | Gebyrregulativ for Slamtøming 2018.  |
| PS 199/17 | Gebyrregulativ for avlaupsgebyr 2018   |
| PS 200/17 | Avfallsgebyr 2018  |
| PS 201/17 | Budsjett 2018 og økonomiplan 2018-2021. Andre handsaming                               |
| PS 202/17 | Sunnmørsbadet AS - Søknad om forskottering av tippemidlar                              |

### **Delegerte saker frå avdelingane**

DS 28/17

Skjenkebevilling - søknad om løyve til ambulerande skjenking (lukka arrangement) 17.112017.

DS 29/17

Mellombels bruksløyve - 31/189 - seksjon 5

RS 106/17

**Referatsaker**

Fast veg mellom Søre og Nordre  
Sunnmøre

RS 106/17

**Referatsaker**

Fast veg mellom Søre og Nordre  
Sunnmøre

## **PS 182/17 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE**

### **Møtebehandling:**

Ingen hadde merknader til innkalling og sakliste.

## **PS 183/17 PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE**

### **Møtebehandling:**

Protokoll frå førre møte låg føre.

## **PS 184/17 DELEGERTE SAKER**

### **Møtebehandling:**

Delegerte saker frå avdelingane låg føre og vart tekne til vitande.

## **PS 185/17 REFERATSAKER**

### **Møtebehandling:**

Referatsaker frå avdelingane låg føre.

## **PS 186/17 NORDIC RESORT - OPPFØLGJING AV KJØPSAVTALE FOR EIEGDOMAR I VIKANE MED JURIDISK VURDERING**

### **Møtebehandling:**

Tine Storøy reiste habilitetsspørsmål. Ho er svigerinne til Johnny Storøy som er svigeren til eigar av grunnen som skal seljast.

Ho vart samrøystes kjend habil.

AP v/Svein Gjelseth kom med slikt framlegg slikt nytt pkt. 2:

Formannskapet inviterar Nordic Resort AS v/Nils Gevelt til første formannsskapsmøte i 2018 for orientering om vidare framdrift og det pågåande reguleringsplanarbeidet.

Rådmannen si tilråding og framlegget frå AP vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak i Formannskapet - 21.11.2017**

1. Formannskapet gir Nordic resort AS utvida byggefrist til ny reguleringsplan for Torvik resort er godkjent og seinast innan 16 juli 2019.
2. Formannskapet inviterar Nordic Resort AS v/Nils Gevelt til første formannskapsmøte i 2018 for orientering om vidare framdrift og det pågåande reguleringsplanarbeidet.

### **PS 187/17 MINDRE REGULERINGSENDRING FOR N3 LEINEVIKA - SLUTTHANDSAMING**

#### **Møtebehandling:**

Leiar utviklingsavdelinga Ole Magne Rotevatn møtte og orienterte. Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

### **Vedtak i Formannskapet - 21.11.2017**

I medhald av § 12-14 i plan- og bygningslova, vedtek Herøy formannskap reguleringsendring for N3 Leinevika fiskerihamn, datert 19.01.2017, og føresegner, datert 10.11.2017.

### **PS 188/17 ØKONOMISK AVSLUTNING AV PROSJEKT 51948: MYRABEKKEN FLAUMSIKRING**

#### **Møtebehandling:**

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

### **Tilråding i Formannskapet - 21.11.2017**

Herøy kommunestyre vedtek følgjande:

1. Prosjektrekneskapen vert godkjent med eit totalforbruk på kr 499.858,- kr.
2. Meirforbruk på 119.858,- kr vert dekkja inn ved låneopptak / bruk av lån.



## **PS 189/17 DETLAJREGULERINGSPLAN FOR GJERTNESMARKA - KLAGEHANDSAMING.**

### **Møtebehandling:**

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

### **Tilråding i Formannskapet - 21.11.2017**

Kommunestyret i Herøy tek merknaden frå Møre og Romsdal fylkeskommune til følgje og godkjenner i medhald av plan- og bygningslova § 12-12 reviderte reguleringsføresegner for Gjertnesmarka datert 30.10.2017.

Kommunestyret kan ikkje sjå at innkomen klage frå Advokat Hove & Co inneheld nye moment i høve til det som låg føre då detaljreguleringsplan for Gjertnesmarka vart vedteken i møte 06.04.2017, K-sak 39/17.

Klagen frå Advokat Hove & Co vert difor ikkje teken til følgje og kommunestyret opprettheld sitt vedtak i K-sak 39/17. Saka vert sendt til Fylkesmannen i Møre og Romsdal for endeleg avgjerd.

## **PS 190/17 FV18 NÆRØYKRYSET MELLOMBELS UTBETRING - AVTALE MED STATENS VEGVESEN**

### **Møtebehandling:**

Prosjektingeniør Eldar Hansen møtte og orienterte. Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

### **Tilråding i Formannskapet - 21.11.2017**

Herøy kommunestyre vedtek følgjande:

- Herøy kommune godkjenner gjennomføringsavtalen mellom Herøy kommune og Statens vegvesen Region midt.
- Ordførar får fullmakt til å signere gjennomføringsavtalen på vegne av kommunen.

## **PS 191/17 SØRE SUNNMØRE MATMANIFEST**

### **Møtebehandling:**

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

### **Tilråding i Formannskapet - 21.11.2017**

Herøy kommunestyre sluttar seg til intensjonane og verdiane Søre Sunnmøre Matmanifest legg til grunn.

Kommunestyret vil arbeide for at desse verdiane skal påverke strategiar, vedtak og handlingar i kommunal regi. For å markere dette ber kommunestyret om at ordførar skriv under manifestet.

## **PS 192/17 REVIDERT FORSKRIFT FOR SØRE SUNNMØRE REINHALDSVERK**

### **Samrøystes tilråding i formannskapet 21.11.2017:**

Saka vert å sende til Maritim og teknisk komite for vidare handsaming.

## **PS 193/17 EIGARSKAPSKONTROLL REKNESKAPSÅRET 2016**

### **Møtebehandling:**

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

### **Tilråding i Formannskapet - 21.11.2017**

Herøy kommunestyre tek Eigarskapskontroll rekneskapsåret 2016 til vitande.

## **PS 194/17 SØKNAD OM KOMMUNAL LÅNEGARANTI, STOR KR 2.200.000,-, FRÅ SIRLIHAUGEN BARNEHAGE SA**

### **Møtebehandling:**

Tine Storøy ynskte å verte kjend inhabil i saka. Ho er eigar av private barnehagar. Ho vart samrøystes kjend inhabil etter KL § 40, FVL § 6, 2. ledd.

Setteordførar var Ole Brubakk.

Det vart halde gruppemøte.

Høgre, KrF og Frp kom med framlegg om slik ny tilråding:

Formannskapet kan ikkje imøtekomme søknaden, då det gjeld utbetring av uteområde.

Rådmannen si tilråding fall mot 5 røyster, ordføraren si dobbelstemme avgjorde.

Framlegget frå Høgre, KrF og Frp vart vedteke mot 4 røyster.

### **Tilråding i Formannskapet - 21.11.2017**

Formannskapet kan ikkje imøtekomme søknaden, då det gjeld utbetring av uteområde.

## **PS 195/17 BUDSJETTKONTROLL PR. 30.09.17**

### **Møtebehandling:**

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

### **Vedtak i Formannskapet - 21.11.2017**

Budsjettkontrollen per 30.09.2017 blir tatt til vitande.

## **PS 196/17 FEIE OG TILSYNSGEBYR 2018.**

### **Møtebehandling:**

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

### **Tilråding i Formannskapet - 21.11.2017**

1. Herøy kommunestyre vedtek at gebyr for feiing og tilsyn med fyringsanlegg i 2018 vert sett til kr 345 + mva pr. abonnent.

For gassfyrte fyringsanlegg vert gebyret for feiing og tilsyn sett til kr. 230,- + mva pr. abonnent.

2. Vedtaket er gjort med heimel i brann- og eksplosjonsvernlova av 14. juni 2002, og tilhøyrande forskrift om brannforebygging av 17. desember 2015.
3. Gebyrregulativet vert gjort gjeldande frå den dag det er vedteke.

## **PS 197/17 AVGIFTSSATSAR FOR BRØYTING AV PRIVATE VEGAR 2018**

### **Møtebehandling:**

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

### **Tilråding i Formannskapet - 21.11.2017**

1. Brøyteabonnentane skal betale eit årleg gebyr/beredskapsgodtgjersle på 286 kroner.
2. For vegar med lengde 25-100m skal det betalast 133 kroner pr. gong. For kvar påbyrja 100m over dei fyrste 100m skal det betalast eit tillegg på 80 kroner.

## **PS 198/17 GEBYRREGULATIV FOR SLAMTØMING 2018.**

### **Møtebehandling:**

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

### **Tilråding i Formannskapet - 21.11.2017**

1. Årsgebyret for slamtøming av private slamavskiljarar vert vedteke uendra frå 2017 til 2018. Dvs. at gebyret i 2018 vert sett til kr.925,- for tankvolum inntil 6 m<sup>3</sup>. For traktortøming, større slamavskiljarar samt tette tankar er prisen entreprenørs faktura med eit påslag på 25%.
2. Vedtaket vert gjort med heimel i lov av 31. mars 1981 nr.6 om vern mot forureining og om avfall (forureiningslova) §34.

## **PS 199/17 GEBYRREGULATIV FOR AVLAUPSGBYR 2018**

### **Møtebehandling:**

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

### **Tilråding i Formannskapet - 21.11.2017**

1. Herøy kommunestyre vedtek nytt gebyrregulativ for avlaupsgebyr for Herøy kommune med verknad frå 01.01.2018,jfr. Vedlagt forslag til Gebyrregulativ for avlaup 2018.
2. Dette vedtaket er gjort med heimel i lov om kommunale vass- og kloakkavgifter av 31.mai 1974.

## **PS 200/17 AVFALLSGBYR 2018**

### **Møtebehandling:**

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

### **Tilråding i Formannskapet - 21.11.2017**

1. I medhald av forureiningslova § 34 fastset Herøy kommunestyre følgjande gebyr for standardabonnement for renovasjon gjeldande for 2018:

| <b>Type abonnement</b>   | <b>Gebyr pr. abonnement 2018</b> | <b>Merknad</b> |
|--|----------------------------------|----------------|
| Standardabonnement, dunk 140 l grøn – 240 l blå<br>Henting annakvar veke | Kr 3.141,60                      | + mva.         |

|  |             |        |
|--|-------------|--------|
| Standard abonnement, sekk<br>Sekkeløysing – 30 sekkar<br>Henting annakvar veke | Kr 3.141,60 | + mva. |
| Redusert abonnement<br>140 l grøn – 240 l blå<br>Sekkeløysing – 18 sekkar      | Kr 2.731,20 | + mva. |
| Abonnement –<br>nedgravd løysing   | Kr 3.141,60 | + mva. |

2. Kommunestyret vedtek i tillegg SSR 2018 - Gebyrregulativ med unntak av slamtømningsgebyret som vert vedteke i eiga sak.
3. Vedtaket gjeld fram til det vert gjort nytt vedtak.

## **PS 201/17 BUDSJETT 2018 OG ØKONOMIPLAN 2018-2021. ANDRE HANDSAMING**

### **Møtebehandling:**

Kommunalsjefane for samfunnsutvikling, oppvekst og helse og omsorg og økonomileiaren møtte og orienterte og svara på spørsmål.

Saka vart drøfta.

## **PS 202/17 SUNNMØRSBADET AS - SØKNAD OM FORSKOTTERING AV TIPPEMIDLAR**

### **Møtebehandling:**

Formannskapet ynskjer ei orientering frå styret i Sunnmørsbadet i kommunestyremøtet i november.

Rådmannens tilråding vart samrøystes vedteken.

### **Tilråding i Formannskapet - 21.11.2017**

Herøy kommune forskotterer tippemidlane som omsøkt med kr 2.500.000,-.

**MØTET SLUTT!**



